



Strandakoret deltok i fleire av songane, der Helga Botn og Dian Georgiev gav publikum ei variert musikalsk reise utan dødpunkt.

Musikalsk cocktail

I drømmene er det ingen regler - heller ikkje i ein konsert som lett spring frå Puccini til Vidar Sandbeck.

Av Sindre Omenås

Publikum i Storfjord Kulturhus blei laurdag med på ei underleg reise frå det svartaste Tosca (Puccini) og russisk folkemusikk til sommarvind i Tyrol og pengegalopp (Vidar Sandbeck). Vertar ved Perleporten, eller Gjallarbrua som den heiter i den norske mellomalderballaden Draumkvedet, var Helga Botn og Dian Georgiev. Dei hadde god hjelp av songarane i Strandakoret, og ikkje minst overskotsmusikarane Arnhild Vik (klaver), Nils Økland (fele og fiolin), Georg Reiss (klarinet) og Sebastian Haugen Markussen (kontrabass).

Få dødpunkt

Draumkvedet er den norske varianten av Dantes guddommelege komedie, og handlar om «Olav Ås-



Musikarane Nils Økland (hardingfele), Georg Reiss (klarinet) og Sebastian Haugen Markussen (kontrabass) var absolutt med på å løfte konserten i Storfjord Kulturhus.

teson» som i ei draumreise frå jul til trettande dag jul tok turen over Gjallarbrua

og inn i dødsriket. – Gløym alle konvensjonar og vær førebudd på både krappe

svingar, bratte stigningar og dristige overgangar, varsla programmet til «Yvi

Gjallarbrui og gjennom Perleporten».

Det blei få dødpunkt i

reisa gjennom det hisidige. Dei rundt 150 gjestene såg ut til å setje stor pris på den musikalske cocktailen, frå Don Giovanni til Faust.

Dei lokale songarane i Strandakoret deltok også i fleire av songnummera i Storfjord Kulturhus, frå å vandre i underverda med Pluto (Orpheus av Offenbach) til å danse rundt gullkalven med Mephisto (Faust av Gounod), telje kroner og skilling før dei avslutta med eit hopp og «A real slow drag» av Joplin.

Sopran Helga Botn skifta raskt i tempo og stemning, frå flørt i «Sommer i Tyrol» til fortvilt bønne til Madonna (Tosca). Russiskfødde Dian Georgiev introduserte også publikum for russisk folkemusikk og temperament. Publikum på Stranda fekk også eit gjensyn med Nils Økland med hardingfele og fiolin, som saman med resten av musikarane fekk lov å boltre seg med til dømes «Crystal Silence» av Chick Corea.

Konserten var «openbert klassisk», og skapte god stemning i Storfjord Kulturhus denne laurdagskvelden.